



FORSAND KOMMUNE

# GRIGGELIA

## FAKTA

**Lengde:** Om lag 3 timars rundtur

**Passar for:** Familietur

**Parkering:** God plass ved Skrøylå

**Kartblad:** 1312 IV: Frafjord

### **Verd å merka seg:**

Turen startar på Skrøylå, men det er og mogleg å kjøra til endes i Fossmark og gå opp langs gardsvegen. Dette er privat grunn, så det er spesielt viktig å visa omsyn. Griggelia kan kombinerast med ein tur til Sollifjellet.



Foto: Roy Mangersnes

## OM TUREN

Frå Skrøylå kan ein følgja kjerrevegen inn gjennom skogen. Ei bru gjer det lett å kryssa elva. På andre sida gjeld det å finna vegen som går inn dalen bak Sollifjellet. Den går stort sett under overføringslinjene som kjem frå Mulen og er difor enkel og finna. Her og der går vegen over myr og kan vera veldig fuktig.

Etter at ein passerar Griggelitjørna går turen gjennom eit trangt skar før ein endar opp øvst i Griggelia. Ein liten tur ut på kanten her vil gi fin utsikt utover Lysefjorden, mot Hengjane og Bratteli.

Rett etter dette utsiktspunktet går stien bratt opp mot høgde. Derfrå snor han seg opp fjellsida heilt til det karakteristiske vatnet Pottå, Den som tek turen opp hit, får sjå kor vatnet har fått namnet sitt frå.

Frå Pottå kan ein gå over fjellet og ned stien som fører til anleggsvegen. Denne er då lett å følgja heilt ned til Endrane og Skrøylå.

Det er og som sagt mogleg å starta turen i enden av vegen inne i Fossmark.

### Historie og natur

Sjølv om områda nær Griggelia er sterkt påverka av kraftutbyggingar, er det ein mangfoldig og svært rik natur ein finn her inne. Den skogkledde dalsida er rik på lauvtre og har ein variert fuglefauna.

Hakkespettar trivst spesielt godt her, og fleire rovfuglar jaktar i mellom fjella. Før var elg vanleg i Griggelia, men i dag har hjort teke over fleire av elgen sine beiteområde.



